



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/45809-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
20.04.2017

Fv. 57 – Uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen – Gnr. 185 bnr. 73 og 102 Isdal – Lindås kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå kommunedelplanen Knarvik-Alversund for bustadbygging i LNF-område, samt byggjegrænse mot fv. 57. Søknaden gjeld bygging av bustad på eigedomane gnr. 185 bnr. 73 og 102 Isdal i Lindås kommune.

Statens vegvesen er fagstyresmakt for veg, og forvaltar fylkesvegnettet på vegne av Hordaland fylkeskommune, og har difor motteke søknaden for uttale. Det er Lindås kommune som er vedtaksmyndighet for begge dispensasjonane, ettersom byggjegrænse er heimla i kommuneplanens arealdel. Byggjegrænser skal ta omsyn til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

I kommuneplanens arealdel for Lindås kommune fastsett føresegn §1.6 at byggjegrænse langs fv. 57 er 50 meter frå vegmidte. Dette er også i tråd med «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013-2016)*», der strekninga er klassifisert til haldningsklasse 2. Det vil mellom anna seie at vegen er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon på fylkesvegnettet. Det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det føreligg reguleringsplan. Rammeplanen er retningsgjevande for vår uttale til søknaden.

Vurdering av tilhøva på staden

Fv. 57 er klassifisert som primær fylkesveg og har ein viktig regional funksjon og ein overordna lokal funksjon på vegnettet. Vegen fører nordover mot m.a. industristaden Mongstad. Det er eit mål å unngå randbusetnad som kan bygge ned transportfunksjonen på denne del av vegnettet. I «*Regional transportplan Hordaland 2013-2024*», er fv. 57 òg framheva som ein viktig strekning av beredskapsomsyn, i tilfelle stenging av E39 i Nordhordland. Etter vårt syn har denne vegen ein så viktig funksjon at det ikkje er tilrådeleg å dispensere frå byggjegrænse som er fastsett i kommuneplanen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER


Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I det pågåande planarbeid for ny E39 «Kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefettunnelen» har planprogrammet nyleg vore på høyring. Det vidare planarbeidet skal avklare trasè og vegstandard for vegen. Fleire av alternativa som vert utgreidd i dette planarbeidet ligg i nærleiken av desse eigedomene, og det vil difor vere uheldig å gi dispensasjonar i dette området inntil trase for framtidig E39 er avklart.

Tomtene gnr. 185 bnr. 73 og 102 ligg i eit område som er utsett for støy og andre miljølaster knytt til veganlegget. Figuren til høgre viser raud og gul støysone langs fylkesvegen og avgrensing av tomtene. Dette kan gjere det utfordrande å få til tilfredstillande uteopphaldsareal etter støyforskrifta T-1442.



Konklusjon

Det er mange element som skal vurderast i ein byggjegrensesak. Vurderingstema er mellom anna omsynet til trafikktryggleiken, strekningsvise vurderingar, lokalisering til anna busetnad og andre sentrumsfunksjonar. Ofte vil det vere motstrid mellom anna ynskje til etablering og omsynet til t.d. trafikktryggleiken.

Etter ei samla vurdering rår Statens vegvesen ifrå at Lindås kommune gir dispensasjon frå byggjegrensa langs veg i denne saka. Bakgrunnen for dette er mellom anna den uavklarte plansituasjonen i området, miljøtilhøva og omsynet til vegen sin transportfunksjon.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

